

NETTverk for Livslang Læring - biblioteka som ressurs i arbeid med opplæring og utdanning av vaksne i Nordhordland

Sluttrapport for NELL- prosjektet i Nordhordland Prosjekt 4.11 SNP Mars 2001

Prosjektleder: Kjersti Haugland
Startdato: 01.01.99
Sluttdato: 28.02.01

Innhald

Samandrag og konklusjonar

1. Bakgrunn for prosjektet
 - 1.1. Prosjektorganisering

 2. Mål

 3. Aktivitetar og oppnådde resultat
 - 3.1. Innleiing
 - 3.2. Biblioteka
 - 3.2.1. Faglitteratur til vaksne studentar
 - 3.2.2. Tilbod innan IKT
 - 3.2.3. Utstyr - nøkkelordning - opningstider
 - 3.2.4. Kompetanse hjå tilsette ved biblioteka
 - 3.2.5. Samarbeidsavtale mellom biblioteka og kursarrangørar
 - 3.3. Vaksne studentar sin bruk av biblioteka
 - 3.3.1. Fjernstudentar
 - 3.4. Kursdatabasen
 - 3.5. Aktivitetar og resultat av tiltak retta mot einskildpersonar
 - 3.5.1. Samarbeid med Opplæringskontoret for Nordhordland
 - 3.5.2. Kursaktivitet
 - 3.6. Aktivitetar og resultat av tiltak retta mot tilsette i kommunane
 - 3.7. Aktivitetar og resultat av tiltak retta mot næringslivet

 4. Vurdering mot oppsett mål
 - 4.1. Innleiing
 - 4.2. Delmål A - vidareutvikling av databasen og biblioteka
 - 4.3. Delmål B - samarbeid mellom kursarrangørar
 - 4.4. Delmål C - samarbeid om kommunal opplæring
 - 4.5. Delmål D - kompetanseheving i verksemder

 5. Vidare oppfølging
- Vedlegg 1 Program temadag, "Livslang læring", - biblioteka som ressurs i kommunen
Vedlegg 2 Samarbeidsavtale mellom biblioteka og kursarrangørar i regionen

<u>Vedlegg 3</u>	Teljeskjema som registrerer vaksne sin bruk av bibliotektenester
<u>Vedlegg 4</u>	Modell for samarbeid om kommunal opplæring
<u>Vedlegg 5</u>	Rapport frå pilotprosjekt om kompetanseutvikling i verksemder

Samandrag og konklusjonar

Prosjektet NELL-Nordhordland er ei vidareføring av NELL -prosjektet i Hordaland frå perioden 1997-98, eit prosjekt som tok utgangspunkt i biblioteka si rolle som informasjonsknutepunkt i lokalsamfunnet. Hovudmålet for NELL-Nordhordland har vore å lage modellar for samarbeid og koordinering av opplæring og utdanning for vaksne i regionen. Prosjektet har hatt tre målgrupper, vaksne einskildpersonar, kommunalt tilsette og tilsette i næringslivet. Viktige premissar for arbeidet har vore ei vidare utvikling av biblioteka som tenestetorg for vaksne under opplæring og utdanning, samt vidare utvikling og drift av etablert kursdatabase. Fleire av tiltaka i prosjektet har hatt si forankring i erfaringar og resultat frå det første NELL- prosjektet.

Eit samandrag av hovudaktivitetar og konklusjonar i høve til utvikling av biblioteka som tenestetorg for vaksne som ynskjer opplæring og utdanning samt tiltak retta mot målgruppene viser følgjande:

Biblioteka/kursdatabasen

Biblioteka i regionen har hatt eit formalisert samarbeid om ulike bibliotektenester sidan først på 90-talet. Felles erfaringar og kunnskap frå dette samarbeidet har vore ein klar ressurs i begge NELL- prosjekta. Biblioteka er via brosjyrar og ulike arrangement marknadsført som møteplass og tenestetorg for vaksne som ynskjer opplæring og utdanning, og publikum i regionen assosierer etter kvart biblioteka med tiltak knytt til omgrepa NELL - og "livslang læring".

Kursdatabasen for regionen har endra namn til <http://www.kursoversikt.no>. Den er no ein del av ein landsdekkjande base, der kurs- og opplæringstilbod arrangert av studieforbund og det offentlege får marknadsføre sine tilbod. Hordaland fylkeskommune har planar om å etablere tilsvarende tilbod for alle kommunar i fylket.

Gjennom ulike opplæringstiltak har bibliotektilsette fått auka kunnskap innan data og ny "retteiar funksjon" for vaksne utdanningssøkjande. Biblioteka har ikkje fått auka ressursar til drift frå kommunane i perioden, men gjennom informasjon til politikarar og administrasjon synest det vere ei betre forståing av kva ressurs biblioteka i kommunen er i høve til omgrepet livslang læring.

Ved biblioteka er desse tenestene etablert:

- €€€€€ ♦ €€ Kursdatabase som gjev oversikt over kurs og utdanningstilbod i regionen
- ♦ Nøkkeltavle som gjer det mogleg å nytte biblioteka som studieplass utanom opningstidene.
- ♦ PC med internettilbod til publikum.
- ♦ Eksamenstad for fjernstudentar etter avtale.
- ♦ Utlån av studielitteratur.
- ♦ Avgrensa tilbod om sjølvstudium i "Datakortet" i 2001.
- ♦ Tilbod til kursarrangørar i regionen om ulike servicetiltak ovanfor vaksne studentar.

Tre biblioteksjefar i regionen er engasjert i eit vidareutdanningstilbod ved Høgskolen i Bergen, Pedagogikk i verkstad for sjølvstudie, PIVS. Fleire av dei etablerte tiltaka vil gjennom prosjektarbeid ha moglegheiter for vidare oppfølging og utvikling.

Tiltak retta mot einskildpersonar

Prosjektet har dels gjennom egne tiltak, dels i eit samarbeid med Opplæringskontoret for Nordhordland, og dels gjennom kursdatabasen gjeve informasjon om ulike opplæring- og utdanningstilbod for vaksne. Dei viktigaste tiltaka har vore bruk av brosjyre, informasjonsmøte på biblioteka, deltaking på utdanningsmesser og bruk av databasen. Etter overgang til ny kursdatabase hausten 2000 har publikum ikkje hatt høve til å melde inn ønskje om opplæring og/eller utdanning via kursdatabasen. For vaksne som ynskjer informasjon om ulike utdanningsvegane synest ikkje dette ha vore noko tap. Dei har ønskt *direkte kontakt* med bibliotektilsette, Opplæringskontoret eller prosjektleiar, og gjennom kontakten er det både formidla informasjon og i enkelte høve rettleiing. Endringar i Opplæringslova som gjev vaksne nye rettar i høve til opplæring på grunnskule og vidaregåande skule sine område har ført til at fleire vaksne ynskjer både informasjon og rettleiing om sine moglegheiter. Kommunane er i same lov pålagt å lage overordna og samordna plan for vaksneopplæring i kommunane. Samarbeid om ein felles plan i regionen der ein mellom anna kan vurdere felles tiltak knytt til informasjon- og kartleggingsrutinar kan vere et viktig tiltak for å møte vaksne sine behov for informasjon og rettleiing. Biblioteka vil vere viktige samarbeidspartnarar her.

Begge NELL -prosjekta har registrert vaksne utdanningssøkjande sin bruk av bibliotektenester. For perioden 97-00 er auken på 75,9 %, for perioden 98-00 på 40,7 % . Det er ei overvekt av kvinner som nyttar tilboda. Dei mest nytta tilboda er lån og fjernlån av studielitteratur, samtidig som det er registrert ein auke i bruk av PC og nøkkelordning for å nytte biblioteket som studiestad.

For same periode er registrert kompetansegejevande vaksneopplæringstilbod arrangert av lokale kursarrangørar, i hovudsak Folkeuniversitet i Nordhordland og dei vidaregåande skulane i regionen.

Innan kompetansegejevande kurs, fag som gjev generell studiekompetanse og fagopplæring har det vore ei dobling i tal kurs. Også her det "kvinneyrka" som dominerer med opplæring i omsorgsfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Tiltak retta mot tilsette i kommunane

Ved avvikling av Nordhordland og Gulen kommunale opplæringsring i 1999 fekk NELL-prosjektet i oppdrag å prøve ut ein modell for koordinering av opplæring for tilsette i kommunane. Det vart utforma framlegg til samarbeidsmodell, og dei opplæringsansvarlege i kommunane skulle vere kontaktpersonar i arbeidet. Opplæringskontoret i Nordhordland var ein naturleg samarbeidspartnar.

Grunna vakanse i prosjektleiarstillinga samt diskusjon og usemje om framlegg til eit koordineringsavgift til NELL for kurs som vart arrangert, vart modellen ikkje prøvd ut før våren 2000. To kommunar kom med innspel til 4 kurs. Både kommunar og kursarrangørar gav god tilbakemelding på kursa, men det er ikkje kome innspel/ynskje frå kommunane verken til NELL eller Opplæringskontoret om fleire kurs dei ynskjer samarbeid om. Samstundes vert det samarbeidd om ulike opplæringstilbod i regionen, særleg innan pleie- og omsorgssektoren. Pleie- og omsorgsleiarane i kommunane samarbeider godt og tek ansvar for mykje av den opplæringa som dei tilsette i kommunane får. Men erfaringar frå prosjektet viser at ved fleire høve har NELL og Opplæringskontoret fått informasjon frå arbeidstakarar og teke initiativ til opplæringstilbod innan pleie- og omsorgssektor, samstundes som det i kommunane vart arbeidd med same oppgåver.

Opplæringsansvarlege frå fire av kommunane har invitert dei andre til eit samarbeid om personalarbeid og opplæringsspørsmål.

Ei oppsummering av erfaringar som er gjort i prosjektet viser:

- ◆ Kommunane har organisert arbeid med opplæringsspørsmål ulikt. Fleire kommunar har delegert både ansvar og økonomiske midlar til mellomleiarar i kommunen slik at det ofte er mange personar som er involvert i arbeidet. Dette gjer det vanskeleg for ein person/ei gruppe å ha eit samla oversyn over kva planar og tiltak som til ei kvar tid er gjeldande.
- ◆ NELL prosjektet har ikkje vore godt nok kjent i kommunane. NELL vert ofte assosiert med

"vaksenopplæring på biblioteket". Sjølv om det ved prosjektstart vart halde informasjonsmøte og sendt ut skriftleg informasjon om mål og innhald i nye NELL, så synest det ikkje som om personell som arbeider med opplæringsspørsmål i kommunane har hatt et klart bilde av korleis dei kunne nytte NELL. Det synest heller ikkje å ha vore noko mål å prøve ut skisserte modell. Samstundes viste det seg at kostnadene pr deltakar på dei fire kursa som vart arrangert var klart lågare enn om kvar kommune skulle arrangert tilbodet sjølv, eller kjøpt plassar på eit anna kurs.

- ◆ Pleie- og omsorgssektoren i kommunane sysselsett ei stor arbeidstakargruppe. Leiarane her har etablert ei nettverksgruppe i regionen, og dei samarbeider allereie godt om opplæring og utdanning i sin etat. I desse spørsmåla synest dei å ha nytta lite dei ressursar og tilbod som prosjektet og elles Opplæringskontoret for Nordhordland har.

Skifte av prosjektleiar og skifte av leiar for Opplæringskontoret for Nordhordland i perioden er tilhøve som har hatt konsekvensar for framdrift og resultat.

Tiltak retta mot næringslivet

Prosjektet planla i utgangspunktet at NELL skulle ha ein koordinatorfunksjon for opplæringstiltak i næringslivet etter same modell som for kommunal opplæring. Opplæringskontoret for Nordhordland har og ein funksjon som koordinator for opplæringstiltak innan fagopplæring for sine medlemsverksemdar. Etter ynskje frå verksemdar har prosjektet og Opplæringskontoret saman lagt til rette for fagopplæringstiltak innan platarbeidarfaget.

Eit samarbeid med Nordhordland Handverk og Industrilag, NHIL, førte til deltaking i eit pilotprosjekt med fem verksemdar. Målet var å fokusere på temaet kompetanseheving slik at deltakande verksemdar fekk eit grunnlag for vidare val og prioriteringar av opplæringstiltak. Verksemdene arbeidde heime med oppgåver, og ei felles drøfting av erfaringar og synspunkt gav gode og klargjerande diskusjonar om arbeid med kompetanseheving.

Erfaringane kan oppsummerast slik:

- ◆ Ved bruk av enkelt verktøy klarte små og mellomstore verksemdar å kome fram til kva områder dei ville prioritere for opplæring hjå dei tilsette.
- ◆ Ved at fleire verksemdar går saman er det mogleg å få brukartilpassa opplæringstilbod lokalt, og til lågare kostnader enn om ei verksemd deltek aleine.
- ◆ Gjennom samarbeid fekk verksemdar som elles ikkje har regelmessig kontakt nyttig kunnskap om kvarandre, erfaringar som kunne vere aktuelle å nytte ved seinare høve.

Det regionale fondet som disponerer kompensasjonsmidlane fire kommunar har fått for auka arbeidsgjevaravgift har gitt støtte til gjennomføring av to prioriterte opplæringstiltak, service og kundebehandling og arbeidsleiing. Verksemdene førebur søknad om støtte til to andre tiltak, prosjektstyring samt fagutdanning av industrimekanikarar. Det siste opplæringstiltaket vil vere naturleg å sjå i samband med kartlegging av vaksne sin realkompetanse, og nytte det tilbodet som Nordhordland vidaregåande skule har om dette.

Erfaringar frå pilotprosjektet gjev grunnlag for å stille spørsmål om i kor stor grad mindre verksemdar klarer å prioritere arbeid med kompetanseheving i kvardagen. Når fleire samarbeider om oppgåva forpliktar dette til gjennomføring. Dersom dei og får hjelp med praktiske oppgåver som innhenting av tilbod frå kursarrangørar, søknad om støtte, arbeid med å leggje til rette for gjennomføring av opplæringa med meir, synest det vere lettare både å kome fram med opplæringsbehov og å få gjennomført tiltaka.

Samla erfaringar frå pilotprosjektet gav grunnlag for søknad om støtte til vidare arbeid med tiltak for å stimulere til arbeid med kompetanseheving i verksemder i regionen.

I tillegg til å arbeide vidare med kursdatabasen vil NELL-prosjektet fram til juli 02 ha som ei hovudoppgåve å leggje til rette for arbeid med kompetanseheving i mindre verksemder i regionen.

1. Bakgrunn for prosjektet

NELL –prosjektet i Nordhordland starta i 1997 som ein del av "Brukartilpassa opplæring for vaksne" - eit KUF initiert prosjekt som var ein del av forarbeidet til Kompetansereforma. Tre fylke deltok med ulike problemstillingar, og Hordaland fylke var representert med Odda- regionen og Nordhordland. I desse regionane tok prosjektet utgangspunkt folkebiblioteka si rolle som informasjonsknutepunkt i lokalsamfunnet. Målet var å etablere regionale nettverk mellom kursarrangørar, og å integrere biblioteka i dette nettverket.

Ved prosjektslutt søkte Regionrådet for Nordhordland og Gulen om å vidareføre prosjektet i Nordhordland. Prosjektet var eit av tiltaka i handlingsprogrammet for SNP- Hordaland for perioden 1999-2000.

Tema for det nye prosjektet, NELL - Nordhordland, var utvikling av modellar for samarbeid og koordinering av utdanning og opplæring for vaksne i regionen. Det vart definert tre målgrupper for det nye prosjektet – kommunalt tilsette, tilsette i næringslivet og vaksne einskildpersonar. Samstundes skulle kursdatabasen som var etablert i regionen og biblioteka utviklast vidare som tenestetorg for vaksne som ynskjer opplæring og utdanning.

1.1. Prosjektorganisering

Prosjektet har vore organisert slik:

Oppdragsgjevar:	Regionrådet for Nordhordland og Gulen
Prosjektansvarleg:	Eilif M. Berntsen
Prosjektleiar:	Januar til juni 99: Oddfrid M. Hole Oktober 00 til februar 01: Kjersti Haugland

Styringsgruppe:

Frå Regionrådet:	Trygve Ellingsen, leiar, skulesjef Radøy kommune Karl Johan Olsen, Lindås kommune
Hordaland fylkeskommune:	Vigdis M. Bjørge, SNP Hordaland Ruth Ørnholt, Hordaland fylkesbibliotek
Statens bibliotektilsyn:	1999: Kjartan Vevle 2000: Turid Skjørshammer og Eva Haga Rogneflaten 2001: Tone Moseid
Nordhordland Handverk og Industrilag (NHIL)	Rune Fanebust
Nordhordland Opplæringskontor:	Januar 99 til august 00: Arnstein Dale August 00 til februar 01: Alf G. Nordahl

I samband med skifte av prosjektleiar hausten 99 vart det gjort mindre endringar og presiseringar i høve til tidlegare definerte mål og delmål.

2. Mål

Hovudmål:

NELL-Nordhordland skal i samarbeid med kommunane og næringslivet i Nordhordland utvikla modellar for samarbeid og koordinering av utdanning og opplæring for vaksne i regionen. Modellane skal omfatte både dei som er i arbeidslivet og utanfor. Modellane skal gjere kommunar og næringsliv i stand til betre å møte dei

utfordringane som Etter- og vidareutdanningsreforma, EVU reforma, vil gje.

Premissar som ligg til grunn for arbeid med koordineringsmodellane:

- Utdanningstilbod og opplæringstilbod i regionen skal vere brukartilpassa.
- Biblioteka i Nordhordland skal vidareutvikle seg som tenestetorg for vaksne, før og under opplæring eller utdanning.
- Kursdatabasen skal vidareutviklast for å gje et best mogleg tilbod til alle brukarar og kursarrangørar i regionen.

Delmål A:

Vidareutvikle databasen og vidareutvikle biblioteka i Nordhordland som tenestetorg for vaksne som ynskjer og/eller tek del i utdanning og opplæring.

Delmål B:

Undersøkje grunnlaget for, og eventuelt leggje til rette for samarbeid mellom kursarrangørar i Nordhordland. Tiltaket rettar seg først og fremst mot studieforbunda FU Nordhordland og AOF, samt dei tre vidaregåande skulane i regionen. (Bli einige om kva de er gode på, vidareutvikle dette, sjå dette i samanheng med kompetansekartlegging og kurs til næringsliv og det offentlege i regionen.)

Delmål C:

Vidareføre utprøving av tidlegare utarbeidd modell for samarbeid om kommunal opplæring mellom kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy.

Delmål D:

I samarbeid med Utdanningsutvalet i NHIL, Regionrådet for Nordhordland og Gulen og NELL gjennomføra eit pilotprosjekt blant medlem verksemder der temaet er kompetansekartlegging med tanke på utforming av modell for brukartilpassa opplæring i verksemdene.

Resultatmål:

- ◆ Tal etter-og vidareutdaningskurs for einskildpersonar aukast med 30 %
- ◆ Tal etter-og vidareutananingskurs for offentlege og private verksemder aukast med 50 %.
- ◆ Bruken av biblioteka i samband med vaksenopplæring aukast med 30 %.
- ◆ Alle "fjernstudentbiblioteka" skal ha hatt ein "fjernstudent" pr 1000 innbyggjarar
- ◆ Utarbeiding av felles mal som kursarrangørar i regionen nyttar for presentasjon av tilbod i databasen.
- ◆ Framlegga dokumentasjon over alle tiltak som er nytta i etablering av nettverk og kontakt mellom kursarrangørar, biblioteka og vaksne i ein opplæring og/eller utdanningsituasjon. Mest aktuelle tiltak er informasjon om tenester og tilbod, møter og samarbeidsavtalar mellom aktuelle partar.

3. Aktivitetar og oppnådde resultat

3.1. Innleiing

Prosjektet har tre målgrupper, og ei vidare utvikling av biblioteka og kursdatabasen har vore viktige premissar for tiltak retta mot målgruppene. I denne delen kjem først omtale av resultatata som er oppnådd i høve til biblioteka og kursdatabasen før erfaringar og resultat for dei ulike målgruppene vert presentert.

3.2. Biblioteka

Det gode samarbeidet som bibliotek sjefane i regionen etablerte først på 90-talet i samband med prosjektet "Fagspesialisering og felles ressursutnytting - organisert biblioteksamarbeid mellom kommunane i Nordhordland" gav et godt grunnlag for vidare samarbeid i NELL prosjekta.

I NELL prosjektet i perioden 97-98 vart det lagt ned mykje arbeid for å førebu biblioteka til oppgåva om å vere tenestetorg for vaksne under opplæring og utdanning. Arbeidet har halde fram i dette prosjektet, og prosjektleiari har samla biblioteksjefane til faste møte, i snitt 4 - 5 gonger i året. Nokre av desse møta har vore kombinert med dei felles møta biblioteksjefane elles har som ein del av det organiserte fagsamarbeidet. I tillegg har prosjektleiari besøkt kvart bibliotek vår og haust for å drøfte aktuelle/lokale problemstillingar. I møta har det vore høve til utveksling av erfaringar samt drøfte nye tiltak ein kunne ynskje å prøve ut. Representantar for kursarrangørane i regionen var invitert til to møte i fjor.

3.2.1. Faglitteratur til vaksne studentar

Kvar bibliotek hadde satt av kr. 5.000,- kvart år av eige budsjett til innkjøp av faglitteratur.

Fleire av biblioteka har brukt enda meir pengar for å kunne møte ulike ynskje frå utdanningssøkjande. Biblioteka prøvde ut ein modell der kvart bibliotek skulle ta ansvar for innkjøp av ulike typar utdanningslitteratur. Som døme kan nemnast: Austrheim folkebibliotek, litteratur i høve til fag som gjev allmenn studiekompetanse, Masfjorden folkeboksamling, litteratur om vaksenpedagogikk, Lindås folkeboksamling, litteratur relatert til pedagogiske utdanningar som lærarutdanning, førskulelærarutdanning, barne- og ungdomsarbeidarfaget med meir. Dette opplegget er berre delvis følgd. Biblioteka har stort sett lagt seg på den linja at dei har kjøpt inn litteratur etter førespurnad frå studentar. Støttelitteratur og referanselitteratur er prioritert. Biblioteka vurderer dette som ei nyttig prioritering av økonomiske midlar, og gjev uttrykk for at dette er ei linje det vil følgje framover. Tiltaket har og ført til positiv omtale av biblioteka blant publikum.

Prosjektet "Kvinnelandbruk i Nordhordland" fekk positivt svar på sin førespurnad om innkjøp av litteratur og videoar dei nytta i sine kurs og seminar.

Våren 2000 annonserte Norsk fjernundervisning "På sporet av ordet", et informasjons- og studieopplegg for vaksne med lese- og skrivevanskar. Programpakka vart kjøpt inn til alle biblioteka, og det nye tilbudet vart gjort kjend ved oppslag og omtale i lokalavisa. Det har til no vore lite utlån av materiellet. Biblioteka opplyser at ein del lærarar har synt interesse, samt ein del vaksne som sjølv ikkje har lese- og skrivevanskar, men som kjennar andre med desse vanskane. Ein viktig årsak for innkjøpet var signal frå Nordhordland AOF om at dei hausten 2000 ville starte opp et kurstilbod for vaksne med lese- og skrivevanskar, "Stavebutikken". Dette er et tilbod som er utvikla av Sarpsborg AOF, og som har hatt stor suksess. Tiltaket vart skrinlagt grunna lang tids sjukefråvære hjå lokal kurssekretær, men det er no aktuelt å få etablert tilbodet frå hausten 2001. Det er da aktuelt å marknadsføre tilbodet igjen.

3.2.2. Tilbod innan IKT

I prosjektperioden har biblioteka gått ut med følgjande tilbod til publikum gjennom brosjyre og/eller annonsar i lokalpressa:

- ◆ Alle biblioteka har kjøpt inn programvaren "Dus med data i biblioteket" til utlån for publikum. Radøy folkeboksamling av tilbud om felles opplæring for grupper i regi av kommunen sitt husmorforbund. Her deltok personar som ikkje ville melde seg på ordinære kurs for nybyrjarar, men som etter denne innføringa gav uttrykk for at dei no kunne tenkje seg å lære meir. Etter at to grupper med til saman 16 deltakarar hadde fullført "Dus med data" sa biblioteket nei til å medvirke i fleire felles opplæringstiltak. I staden oppmoda biblioteket brukarane til lån av materiell og til eiga organisering av sjølvstudie grupper. Biblioteket yngste prioritere ressursar til å gje vaksne studentar ei enkel innføring i bruk av PC.

Ingen av biblioteka har hatt stort utlån av programvare. Ein årsak kan vere at opplegget er veldig enkelt. Dersom du har litt kjennskap til data og ynskjer lære meir, er det andre tilbud du har trong for. Det andre er at målgruppa - dei som ikkje har noko kunnskap om data frå før - heller ikkje våger seg på eit sjølvstudie. Dei ynskjer ofte delta i meir organisert opplæring slik som til dømes tilbudet ved Radøy folkeboksamling var organisert.

- ◆ Gratistilbod om enkel innføring i bruk av PC på biblioteket. Hovudmålgruppa har vore vaksne studentar eller vaksne som hadde tankar om vidare opplæring eller utdanning. Tilbodet har i periodar delvis vore nytta av einskildpersonar, men etterspurnaden har vore mindre enn venta. Ein årsak til dette kan være at dei fleste vaksne som har nytta biblioteka i samband med studie aktivitetar allereie meistrar enkel bruka av datamaskina.

Det er godt mogleg at det vil kunne bli større etterspurnad etter dette tilbudet etterkvart som dei nye endringane i Opplæringslova vert betre kjent. Endringane gjev vaksne klare rettar til *brukartilpassa opplæring*. Det er venta at ein del av tilboda vil kome som fjernundervisning, og et innføringskurs i bruk av PC på biblioteket kan då vere interessant for vaksne utdanningssøkjande.

- ◆ "Datakortet" er et tilbud om sjølvstudie ved bruk av CD rom og bøk. Programmet som inneheld sju modular, blei installert på biblioteka sine publikumsmaskiner hausten 00. Etter ein del start vanskar vart tilbudet annonsert og tatt i bruk januar 01. Dei tilsette ved biblioteka kan og nytte tilbudet for å betre eigen kompetanse. Prosjektet har fått ei avtale med leverandøren om tilgang til å nytte fleire lisensar ved kvart bibliotek. Programmet føreset at brukarane har ein viss kunnskap om data før dei startar. Biblioteka har tatt i bruk ein lisens som "test" der det er mogleg å gjere seg litt kjend med innhaldet i programmet før dei tek avgjerd om at starte opp. Prosjektet betaler kr 140,- for kvar modul som vert nytta. Folkeuniversitetet i Nordhordland vart hausten 00 sertifisert som testsenter for Datakortet. Vaksne som ynskjer ta modulprøver eller heile datasertifikatet har dermed tilbud om dette lokalt. Tilbodet har vore annonsert i lokalavisene samt på heimsidene til biblioteka og prosjektet.

Pr 1.mars 01 er det registert desse brukarane:

Austrheim folkebibliotek, 15 lisensar	3 brukarar
Fedje folkebibliotek, 10 lisensar	3 brukarar
Lindås folkeboksamling, 20 lisensar	2 brukarar
Masfjorden folkeboksamling, 10 lisensar	2 brukarar
Meland bibliotek, 20 lisensar	3 brukarar
Radøy folkeboksamling, 20 lisensar	6 brukarar

3.2.3. Utstyr - nøkkelordning - opningstider.

Informasjon om biblioteka sine tenester er gjort kjend via brosjyre som er distribuert gjennom biblioteka, kursarrangørar, kommunehus samt på prosjektet sine heimesider.

Alle biblioteka gjev tilbud om nøkkelordning, dvs, at vaksne studentar får låne nøkkel utanom opningstidene for å bruke datamaskiner og oppslagsverk. Det har vore ein auke i tal på studentar som nyttar dette tilbudet. I tillegg er det populært å få nytte biblioteka som arbeidsstad i biblioteka si kontortid

Alle biblioteka har datamaskiner med internett oppkopling til bruk for publikum, men det er skilnad i antal

maskiner til bruk for publikum. Austrheim vidaregåande skule hadde skuleåret 1999/2000 eit tilbod til vaksne kvinner tilsett i fiskeindustrien om dataopplæring. Tilbodet var ein del at eit Leonardoprojekt CEEWIT (Communication, Education, Employment for Women through IT). Biblioteka i kommunane Radøy og Fedje inviterte kvinnene til å nytte biblioteket sitt utstyr i samband med opplæringa. Det vart samstundes søkt kommunane om midlar til nye publikumsmaskiner, noko som vart innvilga. I ettertid viste det seg at kvinnene i Radøy valde arbeide heime, mens ved Austrheim og Fedje folkebibliotek kunne faste grupper ved hjelp av nøkkelordninga nytte biblioteket som lærestad gjennom heile utdanninga.

I dag er det biblioteka i Meland og Lindås kommune, dei to største kommunane, som har dårlegast PC- tilbod til publikum, ei maskin som både barn, ungdom og vaksne studentar må dele på. I Meland vert vaksne under utdanning prioriterte, noko som fører til at ungdom i periodar berre kan få nytte maskina 1 time kvar veke. Stor bruk at maskinene fører også til at dei i periodar har vore ute av drift, noko som er frustrerande både for tilsette og publikum.

Ingen av biblioteka har utvida opningstida fast i løpet av prosjektperioden, men ved fleire bibliotek gjev publikum klart uttrykk for ynskje om opning på laurdagar. Biblioteka vil halde fram med tilbod om nøkkelordning etter prosjektslutt.

Betre utstyr til biblioteka, samt moglegheiter for lengre opningstider, er tiltak som krev ekstra ressursar og dermed klare prioriteringar hjå politikarar. Å marknadsføre nye tilbod ved biblioteka har alltid to sider. Det er spanande og utviklande å prøve ut nye tiltak, men samstundes fører det til at nye forventningar, nye oppgåver og meir kamp hjå dei tilsette for å få tida til å strekkje til.

I desember 00 inviterte prosjektet representantar for administrasjon og folkevalde i dei seks kommunane, samt representantar for lokale kursarrangørar til ein temadag om livslang læring og biblioteka som ressurs i kommunane, [sjå vedlegg 1](#). Tiltaket blei av alle partar vurdert som særskilt viktig, og det vil nok vere ei føremon om biblioteka seinare tek initiativ til liknande arrangement samtidig som dei jamleg informerer administrasjon og folkevalde om kva tilbod dei gjev, og kor mange som nyttar dei ulike tilboda.

3.2.4. Kompetanse hjå tilsette ved biblioteka

I det første NELL prosjektet fekk dei tilsette tilbod om dataopplæring, og dette vart følgt opp med et nytt 2 dagars datakurs hausten 99. At tilsette føler seg trygg i møte med vaksne studentar som nyttar biblioteket sine datatenester er viktig. Ved prioritering av aktuelle behov for vidare opplæring våren 2000, kom det fram ynskje kurs som fokuserte på bibliotek tilsette si rolle som rettleiar for vaksne utdanningssøkjande. Vaksenopplæringsforbundet sentralt, VOFO, tok ansvar for å arrangere eit kurs over 2 1/2 dag, ein dag i mars og 1 1/2 dag i april. Tittel for kurset var "Rettleiing av vaksne som ynskjer nytte biblioteka som arena for opplæring".

Kurset hadde 11 deltakarar. Mellom samlingane skulle dei løyse praktiske oppgåver og det var lagt til rette for å hente relevant teori frå nettet, samstundes som dei kunne bruke nettet for å drøfte oppgåver. Evalueringa viste at deltakarane vurderte arbeid med dei praktiske oppgåvene og felles diskusjonar/gruppearbeid på samlingane som mest nyttige. Teorien var interessant, med det var for lite tid å relatere alt til dagleg arbeid.

Biblioteka i Nordhordland er representert med 2 deltakarar og ein prosjektleiar på 10 vekttal kurset "Pedagogikk i verkstad for sjølvstudie - PIVS," som starta opp ved Høgskulen i Bergen hausten 2000. Ein viktig del av utdanninga er knytt til utviklingsarbeid på biblioteka i eigen kommune. Gjennom dette har erfaringar og idear frå NELL prosjektet gode føresetnader for å først vidare i regionen.

3.2.5. Samarbeidsavtale mellom biblioteka og kursarrangørar i Nordhordland

Eit resultat av det første NELL prosjektet var framlegg til ein samarbeidsavtale mellom biblioteka og kursarrangørane i regionen, [sjå vedlegg 2](#). Som det framgår av avtalen, har kursarrangørar eit hovudansvar

for å ta initiativ til gjennomføring av ulike tiltak, biblioteka har ansvar for regelmessig evaluering av avtalen.

På biblioteksjefane sitt felles møte i desember 99 kom det fram at det i løpet av året hadde vore heller liten aktivitet frå kursarrangørane si side om gjennomføring/utprøvinga av ulike tiltak. Eit unntak var Folkeuniversitetet i Nordhordland som i brosjyre hadde god informasjon om bibliotektilbod til vaksne studentar. Det hadde heller ikkje vore noko fellesmøte/felles evaluering i 99. Ved evaluering av avtala i januar 01 kom det fram at kursarrangørane er positive til samarbeidspunkta som er skissert, men det har svikta i høve til intern kommunikasjon mellom den som er kontaktperson i organisasjonen og dei aktuelle lærarane som gjennomfører ulike vaksenopplæringstiltak. Dette gjeld særleg i høve til punkt som at biblioteket kan utplassere minibibliotek i klasserommet, et tiltak som fekk god mottaking hjå studentane, men som ikkje er følgd opp av di ny lærar ikkje kjende til tiltaket. Det same var tilfelle for tilbodet om at biblioteka kan halde opne arrangement rundt tema henta frå fagplanar. Dette var også prøvd ein gong for ei norskklasser med godt resultat. Etter at lærarane ved dei to vidaregåande skulane som har vaksenopplæring i norsk vart informert om tilbodet i januar, skal Austrheim folkebibliotek arrangere temakveld 12-mars om Sigrid Undset sitt forfattarskap.

Dei tre vidaregåande skulane ligg i kommunane Austrheim og Lindås, og biblioteksjefane i desse kommunane som begge deltek på PIVS studiet, vil som ei del av eige prosjektoppgåve følgje opp arbeidet, og leggje fram framlegg til ei revidert avtale hausten 2001.

3.3 Vaksne studentar sin bruk av biblioteka

Studentar sin bruk av biblioteka har blitt telt fire gonger i løpet av prosjektperioden. I det første NELL prosjektet var teljeperioden på 2 månader kvar vår og haust. Dei to siste åra har det vore to teljeveker vår og haust, og for å kunne samanlikne tala er det registrerte talet multiplisert med fire. Dette gjev grunnlag for feilmargar, men resultatene syner likevel ei klar auke i talet på studentar som nyttar ulike tilbod ved biblioteka.

Registrerte vaksne studentar som brukar biblioteka, tala om refererer seg til to månader vår og haust.

År	Vår	Hautst	Total
1997	30	78	108
1998	50	85	135
1999*			148
2000	92	108	190

*For 1999 er tala for vår og haust slått saman, dette grunna svikt i teljing ved nokre bibliotek våren 99.

I perioden 1997 - 2000 auka samla tal for vår og haust frå 108 til 190, dvs. 75.9 %. I perioden 98-00 auka talet frå 135 til 190, ei auke på 40.7 %.

Det ble utarbeidd nye teljeskjema for år 2000 for å betre oversikt over kva tilbod vaksne nytta ved biblioteket, sjå vedlegg 3.

Registreringa viser følgjande:

- ◆ Det er ei klar overvekt av kvinner som nyttar tilboda ved biblioteka. Av 28 registrerte brukarar i ein periode var fordelinga 27 kvinner og ein mann.
- ◆ Brukarane held på med utdanning som gjev formell kompetanse, enten fagopplæring på vidaregåande

skule sitt nivå, allmennfag som gjev generell studiekompetanse eller ulike studiar på høgskule/universitetsnivå. Studiar som lærar, førskulelærar, 6-10 års pedagogikk og sjukepleie er dominerande.

- ◆ Det er framleis etterspurnad etter litteratur, spesielt fjernlån av litteratur som er det tilbodet flest studentar nyttar. Det har og vore ei auke av bruk av nøkkelordninga, samt bruk av data og internett

3.3.1. Fjernstudentar

Et resultatmål er at det skal være ein fjernstudent pr. 1000 innbyggjarar i dei seks kommunane. I dei to teljeveke er følgjande registert:

	1999	vår-00	haust-00
Austrheim kommune (2.600 innb)	0	1	6
Fedje kommune (700 innb)	0	0	0
Masfjorden kommune (1700 innb)	1	0	1
Meland kommune (5.100 innb)	0	0	0
Lindås kommune (12.300 innb)	1	1	1
Radøy kommune (4.500 innb)	2	1	4

Austrheim og Radøy er dei kommunane som etter registreringa har nådd resultatmålet. At det i perioden ikkje er registrerte fjernstudentar i kommunane Meland og Fedje treng ikkje tyde at fjernstudentar ikkje nyttar bibliotektenester i kommunane. I følgje bibliotek tilsette har det vore ei klar auke i fjernlån av faglitteratur, men kor mange av desse som held på med utdanning er berre registert i teljeveke. Biblioteka er og kjend med at det er ei stor gruppe vaksne studentar som bur i Nordhordland og som pendlar til jobb og heiltid/deltid studie ved universitet og høgskule i Bergen. Det er og usikkert kor godt desse er registrert. Vidare er det klart at ein registreringsperiode på to månader gjev et meir nyansert og rett resultat enn å telje i to veker og deretter gange opp med fire.

3.4. Kursdatabasen

Utvikling av kursdatabasen var eit viktig tiltak i det første NELL- prosjektet. Basen hadde to siktemål. Det skulle være lett for publikum å melde inn sine ynskje om opplæring og utdanning, samtidig som det i regionen skulle være eit oversyn over alle opplæring og utdanningstilbod for vaksne arrangert av godkjende studieforbund og offentlege instansar. Biblioteka hadde oppgåva med både å gjere tilbodet kjent samt bistå publikum med hjelp i å nytte basen der det var naudsynt. Prosjektleiar hadde ansvar for handsaming og koordinering av all informasjon knytt til drift av basen. Dette gjorde tiltaket sårbart, noko som kom klart fram ved vakanse i prosjektleiarstillinga. Det kom eit brot i kontinuiteten, ingen tilbod for hausten 99 vart lagt inn i basen, og det var heller ingen som tok imot dei meldingar som vart sendt inn frå publikum. Innhaldet var ikkje oppdatert før januar 00.

Det har ikkje vore registrert nøyaktig bruk av kursdatabasen i høve til kor mange som har vore inne for å leite etter kurs. Berre treff på prosjektet sine heimesider er registert, og her har aktiviteten i snitt vore 3-4 treff dagleg. I NELL-prosjektet har det vore lagt lenke til basen frå prosjektet sine heimesider samt frå biblioteka sine heimesider

Sjølv om basen vart oppdatert att ved årsskifte 99/01, var det trong for "ny marknadsføring" av tilbodet. Dette gjaldt og til dels i høve til kursarrangørane. Nye tilbod vart som oftast først marknadsført i lokalpressa før dei vart melde inn for kunngjering i kursdatabasen. Det var og mest heilt stopp i innmelding av ynskje om kurs/opplæring frå publikum via basen.

Verken Folkeuniversitet eller AOF har egne heimesider, men heller ikkje dei tre vidaregåande skulane nyttar

sine heimesider til å informere systematisk om nye tilbud innan vaksenopplæring. Det kan ha vore ein årsak til at særleg desse tre kursarrangørane har vore heller trege med å melde til prosjektleiar om nye tilbud dei legg ut. Samtidig ser vi ein aukande tendens til at kursarrangørar elles nyttar Internett for å marknadsføre opplæringstiltak og utdanning. Prosjektet vart gjort kjend med eit FOU-prosjekt i regi av Statens Utdanningskontor i Oslo og Akershus. I samarbeid med VOFO Akershus og Akershus fylkeskommune var det etablert ein ny kursdatabase som gav ein felles presentasjon av vaksenopplæringstilbod arrangert av studieforbund og offentlege etatar. Prosjektet har tittelen "Den vaksne brukaren i sentrum - nettbasert kursoversikt for vaksenopplæring" og skal halde fram ut 2002. Målet er å utvikle denne til å gjelde for heile landet. NELL-prosjektet fekk tilbud om nytte basen, og frå hausten 00 vart alle tilbud arrangert av studieforbund og offentlege etatar i dei seks kommunane i Nordhordland lagt inn i basen. Til no er det fire fylke som nyttar basen, Oslo, Akershus, Nord-Trøndelag og seks kommunar i Hordaland. Adressa er endra til www.kursoversikt.no, noko som gjer tilbodet lettare å marknadsføre og meir tilgjengeleg for publikum. Det er teljeverk for kvart kurs og lett å få oversikt over publikum sin bruk av basen.

3.5. Aktivitetar og resultat av tiltak retta mot einskildpersonar

3.5.1. Samarbeid med Opplæringskontoret for Nordhordland

Dei to siste åra har prosjektet samarbeidd med Opplæringskontoret for Nordhordland om ulike aktivitetar. Kontoret har ei stor kontaktflate innan private verksemder og det offentlege gjennom dei vel 70 lærekontraktane som dei administrerer. Både Opplæringskontoret og NELL har jamleg kontakt med vaksne som er interessert i informasjon om moglege utdanningstilbod. Kontakten skjer ved at dei vaksne sjølv tek kontakt med kontora eller dei tek kontakt på ulike messar og informasjon møte som har vore arrangert. NELL og Opplæringskontoret har hatt opne informasjonsmøte på om ettermiddagen på biblioteka. Møta har vore i januar/februar månad og rett etter skulestart om hausten. Hausten 00 vart dette kombinert med markering av "Uke for vaksne sin læring" i september. Frammøte har variert, og det er publikum i dei minste kommunane som har vist størst interesse. I 201 har Opplæringskontoret vald å prioritere kommunar som ligg lengst vekk frå kontoret, dvs. Fedje, Radøy, Austrheim og Masfjorden. Nytt av året er utsending av informasjon om møtet i forkant til dei største arbeidsplassane i kommunane. Første staden dette vart prøvd var i Masfjorden kommune, utan at tiltaket førte til større frammøte.

Å delta på utdanningsmesser i kommunane Radøy og Lindås for ungdom har gitt gode resultat. Dei vaksne som møter fram opplever det som positivt at dei ved desse høva og kan finne nyttig og interessant informasjon retta mot eigen aldersgruppe.

Dei to kontora har saman med kursarrangørar arrangert opne informasjonsmøte om praksiskandidatopplæring i faga barne- og ungdomsarbeidarfaget, omsorgsfaget og reinhaldsfaget, og det har i etterkant av møta starta opp kurs. Alle desse kursa er sett i gang før iverksetjing av endring i Opplæringslova som gjev vaksne fødd før 1978 rett til vidaregåande opplæring.

3.5.2. Kursaktivitet

I rapporten frå første NELL prosjektet var oversikt over lokalt igangsette kompetansegejvande kurs og kurs som gav realkompetanse som NELL hadde tatt initiativ til å få i gang. I oversikta har ein vald å ta utdanningstilbod innan fagopplæring og realkompetanse som har kome i gang med NELL og Opplæringskontoret sin medverknad. Vidare er det tatt med tilbud om kurs i regionen som gjev allmenn studiekompetanse.

Oversyn over kurs regionen i dei to prosjekt periodane viser følgjande:

Type kurs	Innhald	1999 -	1997 - 1998
Fagopplæring, §3-5	Barne- og ungdomsarbeidar	3	1

praksiskandidat			
	Omsorgsarbeidar	3	1
	Kontor, rekneskap		1
	Plastarbeidarfaget	1	
	Tunge kjøretøy		1
Generell studiekompetanse	Norsk	2	
	Naturfag	1	1
	Matematikk	1	
	Engelsk	2	
Realkompetanse	Ulike datatilbod	7	6
	Rettleiing bibliotek tilsette	1	
	Munnleg tysk	1	
	Lefser	1	
	Data bibliotek tilsette	1	2
	Rettleiing bibliotektilsette	1	
Sum		24	13

I prosjektet er sett opp som resultatmål ei auke på 30% i etter- og vidareutdaningskurs for einskildpersonar. Auka er på 84,6% når ein berre tel tal kurs. Informasjon frå kursarrangørar viser at det har vore ei nedgang i samla tal på deltakarar. Prosjektleiarar har ingen god forklaring på dette. Det kan nemnast at på kurs arrangert dei siste to åra har til dømes praksiskandidatkursa har i snitt 18-20 deltakarar, et kurs i norsk allmennfag som gjev generell studiekompetanse har 25 deltakarar, et anna 12. Alle dei andre kursa har i snitt 10- 12 deltakarar.

Ei oversikt over kursdeltakarar fordelt på semester gjennom dei to prosjekta viser følgjande:

Deltakarar	Vår-97	Haust-97	Vår-98	Haust-98	Vår-99	Haust-99	Vår-00	Haust-00
NELL-97-98	159	238	369	261				
NELL-99-00					118	124	122	177

I år 2000 fordelte deltakarane seg slik i høve til dei ulike tilboda:

Opplæring/Utdanning	Vår-00	Haust-00
Praksiskandidat §3-5	20	62
Generell studiekompetanse	36	42
Data	43	65
Språk	12	
Anna	11	8
Sum	122	177

I tillegg til dei kursa som er tatt med i oversikta har Nordhordland vidaregåande skule to vaksenopplæringstilbod på heiltid over 2 år. Det er et 2-årig kurs for hjelpepleiarar som starta opp hausten 2000 og eit 2-årig kurs innan kjemi- og prosessfag som har innebygd nok allmennfag til å gi studiekompetanse. Kursa har 2/3 dels timetal i høve til normal fagplan og begge klassane er fulle.

3.6. Aktivitetar og resultat av tiltak retta mot tilsette i kommunane

Kommunane i Nordhordland samarbeida tidlegare om opplæringstiltak i kommunane gjennom Nordhordland og Gulen kommunale opplæringsregion, NGKO. Skulekontora i kommunane hadde ansvar for sekretærarbeidet etter tur, og etter- og vidareutdanning for lærarar og barnehagetilsette var den største oppgåva. I samband med vidareføring av NELL-prosjektet fatta Regionrådet for Nordhordland og Gulen vedtak om å skilje ut funksjonen som koordinator for etter- og vidareutdanning for lærarar og leiarar i barnehagane. NELL prosjektet fekk i oppgåve å prøve ut koordinering av opplæringstiltak for andre yrkesgrupper i kommunane. Det vart utarbeid framlegg til samarbeidsmodell, sjå vedlegg 4. Dei opplæringsansvarlege i kommunane var kontaktpersonar i arbeidet. I finansieringsplan for prosjektet var det teke med at prosjektet skulle ha eit godtgjersle på kr. 2000,- for kvart kurs som vart arrangert.

Innføring av ei godtgjersle på kr 2000,- pr kurs førte til diskusjon både hjå dei opplæringsansvarlege og hjå kursarrangørar. Kommunane fann det urimeleg å skulle betale ei godtgjersle når initiativtakar skulle ha ansvar for alt praktisk arbeid i samband med å arrangere kurs. Kursarrangørar peika på at kursa, og særleg kurs med få deltakarar, vart dyrare for brukarane.

Samarbeidsmodellen vart ikkje prøvd ut våren 99 før prosjektleiar slutta i juni. Grunna vakanse i prosjektleiarstillinga fram til medio oktober same år, vart det heller ikkje samordna kurs/opplæringstiltak hausten 99. Styringsgruppa drøfta saka på ny i januar 2000, og det var semje om å sløyfe koordineringsavgifta. Det var vidare fatta vedtak om å nedprioritere arbeid med tiltak retta mot utvikling av tilbod/koordinering av tilbod for denne målgruppa, men være open for innspel og idear som kom fram.

Etter førespurnad frå to kommunar koordinerte NELL våren 00 koordinera og arrangerte 4 kurs i regionen. (Kommunane hadde eigne ynskje om kursarrangør).

Kurs i arbeidsmiljølova	4 dagar 33 deltakarar frå 5 kommunar
Grunnkurs PS GIS	3 dagar 10 deltakarar frå 2 kommunar
PS GIS oversiktsplanlegging	2 dagar 7 deltakarar frå 2 kommunar
Service som jobbkvalitet	1 dag 26 deltakarar frå 4 kommunar

Kommunane og kursarrangør gav god tilbakemelding på kursa.

På same tidspunkt marknadsførte både KS og NHO aktivt Kompetanseutviklingsprogrammet og dei moglegheiter kommunar og næringslivet har for å søke støtte til ulike opplæringstiltak. NELL, Opplæringskontoret og konsulent for KS Hordaland inviterte dei opplæringsansvarlege til informasjons- og drøftingsmøte om temaet i april. Representantar for tre kommunar møtte. Dei opplæringsansvarlege tilrådde å leggje saka fram for pleie- og omsorgsleiarane til vidare drøfting. Samstundes drøfta gruppa framlegg om å etablere eit meir formalisert samarbeid mellom dei opplæringsansvarlege i regionen der spørsmål om kompetanseheving og personalarbeid kunne drøftast. Meland kommune tok ansvar for innkalling til vidare møter.

Vidare kontakt med pleie- og omsorgsleiarane resulterte i at gruppa ville starte arbeid med å lage ei felles oversikt over opplæringsbehov for sektoren i regionen. I planarbeidet vil det og være viktig å få oversikt over kor mange som har rett til vidaregåande opplæring etter endringar i Opplæringslova. Å få dokumentert dei tilsette sin realkompetanse kunne og vere eit viktig moment i denne samanheng. Dei såg det ikkje som relevant å fremme eventuell søknad om prosjektmidlar før dette var gjort. Dei såg det heller ikkje relevant å trekkje verken NELL eller Opplæringskontoret med i vidare arbeid med kartlegging og planarbeid.

På neste felles møte med dei opplæringsansvarlege hausten 00 drøfta gruppa erfaringar frå arbeidet med modell for samarbeid om kommunal opplæring, og elles tankar om interkommunalt samarbeid om vaksenopplæring. Følgjande moment vart trekt fram:

- ◆ Kommunane har organisert arbeid med opplæringsspørsmål ulikt. Fleire kommunar har delegert både ansvar og økonomiske midlar til mellomleiarar i kommunen slik at det ofte er mange personar som er involvert i arbeidet. Dette kan gjere det vanskeleg for ein person/ei gruppe å ha et samla oversyn over kva

planar og tiltak som til ei kvar tid er gjeldande.

- ◆ Pleie- og omsorgsetaten med flest tilsette i kommunane har etablert ei nettverksgruppe i regionen, og dei samarbeide allereie om opplæring og utdanning i sin etat. I starten av prosjektet kom det framlegg til kurs som NELL skulle koordinere og innhente tilbod på.. Det viste seg at for kurs der ein trong spesiell fagkunnskap for å finne fram til det beste innhald og kursarrangør, var det lettare for pleie- og omsorgsleiarane å gjere arbeidet sjølv ut frå fagkunnskap og kontaktnett.
- ◆ NELL prosjektet har ikkje vore godt nok kjend i kommunane. Framleis vert NELL i hovudsak assosiert med "vaksenopplæring på biblioteket". Sjølv om det ved prosjektstart vart halde informasjonsmøte og sendt ut skriftleg informasjon om mål og innhald i nye NELL, så synes det ikkje som om personell som arbeider med opplærings spørsmål i kommunane har hatt noko klart bilde av korleis dei kunne nytte NELL. Ein kan i ettertid stille spørsmålet om NELL i staden for berre å presentere ein samarbeidsmodell der koordinator funksjonen var hovudtiltaket, saman med kommunane kunne ha kome fram modellar der NELL og Opplæringskontoret blei nytta som ressurs og samarbeidspartnar for kommunane i arbeidet utdanning og opplæring for dei tilsette.

Dei opplæringsansvarlege vil halde fram sitt samarbeid om personalarbeid og opplæring, og tek sikte på 2 felles samlingar i året, vår og haust.

3.7. Aktivitetar og resultat av tiltak retta mot næringslivet

Omgrepet næringsliv fannar mange ulike bransjar og organisasjonar. I starten av prosjektet melde ei industriverksemd inn behov for fagutdanning for ei større gruppe tilsette. Dette resulterte i et lokalt tilbod om fagopplæring etter § 3-5 i platarbeidarfaget, eit godt døme på brukartilpassa opplæring. Men spørsmålet var korleis prosjektet kunne arbeide meir målretta med temaet i regionen.

Nordhordland Handverk og Industrielag, (NHIL) har 113 medlemsverksemdar innan bransjar som handverk, bygg, anlegg, industri, transport/reise, hotell/restaurant tenesteyting og service. I strategiplan for 2000-2003 har laget sett opp som prioritert tiltak arbeid med kompetanseheving. Leiar av laget sitt utdanningsutval inviterte i november 99 prosjektleiar til eit samarbeid om oppgåva. Det vart våren 2000 gjennomført eit pilotprosjekt der 5 verksemdar takka ja til å delta i eit avgrensa pilotprosjekt. Målsetting for prosjektet var formulert slik:

Deltakande verksemdar skulle ved deltaking i pilotprosjekt få eit best mogleg grunnlag for val og prioriteringar i vidare arbeid med kompetanseheving i verksemda.

NHIL skulle skaffe laget eigne røynsler om korleis arbeid med kompetanseheving kan leggjast opp i verksemdar med ulik storleik.

Ved planlegging av prosjektet blei desse føresetnadene lagt til grunn:

Rammer og innhald i prosjektet skulle gje deltakarane *inspirasjon og motivasjon* for arbeid med kompetanseutvikling.

Kartleggingsmateriell som skulle nyttast måtte vere enkelt og utforma slik at det høvde for ulike bransjar og verksemdar av ulik storleik.

Opplegget måtte gje deltakarane god tid til *informasjonsutveksling* slik at dei både fekk høve til å gjere greie for eigne røynsler med arbeidet - "eigen praksis", samstundes som dei fekk kunnskap og innspel frå røynsler i andre verksemdar.

Kostnadene for å delta skulle vera låge.

Det ble gjennomført tre samlingar, kvar på 3-4 timar, og kvar verksemd deltok med 2-3 deltakarar. I tillegg møtte representantar for utdanningsutvalet. Informasjon om innhald og sjølve prosessen i arbeidet er å finne i eigen rapport for pilotprosjektet, [sjå vedlegg 5.](#)

Eit av resultatane frå arbeidet var at fleire verksemdar såg felles opplæringsbehov. Hausten 2000 vart det arrangert ein temadag der ulike kursarrangørar fekk presentera sine tilbod generelt, samstundes som dei skisserte kva tilbod dei hadde innan dei prioriterte tema, service og kundehandsaming, arbeidsleiing, prosjektstyring og fagutdanning til industrimekanikar.

Det vart sendt søknad til Kompetanseutviklingsprogrammet om støtte til pilotprosjektet samt gjennomføring av opplæringstiltaka og ei vidare utprøving av ulike modellar for kartlegging og styrking av kompetanse i verksemdar. NHIL sitt utdanningsutval stod som søker. Søknaden vart vurdert som relevant i høve til programmet sine mål og prioriteringar, men dei konkrete tiltaka ein yngste opplæring på, samt skissert plan for gjennomføring av opplæringa, var for "tradisjonell" og den blei dermed avslått.

Hausten 2000 var det klart at fire kommunar i regionen fekk kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift, at forvaltning av kompensasjonen skulle skje regionalt, og at ein del av desse midlane skulle nyttast til kompetanseheving i verksemdar.

I regi av NHIL sitt utdanningsutval søkte fire av verksemdene fondsstyret om støtte til gjennomføring av to av tiltaka, og desse er no gjennomførte. Søknad om ressursar til gjennomføring av dei andre tiltaka er under arbeid. I høve til opplæring av industrimekanikarar yngste verksemdene eit samarbeid med Nordhordland vidaregåande skule får å få kartlagt aktuelle deltakarar sin realkompetanse. Etter fleire utsetjingar er skulen no klar til å ta fatt på dette arbeidet.

4 Vurdering mot oppsette mål

4.1. Innleiing.

Hovudmål for prosjektet var i samarbeid med kommunar og næringsliv i Nordhordland å utvikle modellar for samarbeid og koordinering av utdanning for vaksne både i og utanfor arbeidslivet. I mål og delmål var det teke omsyn til erfaringar og vurderingar gjort i det første NELL prosjektet. Særleg gjaldt dette tilhøve ved biblioteka og deira funksjon som tenestetorg for vaksne i ein opplæring- og utdanningssituasjon. I det første NELL prosjekt var prosjektleiar sitt samarbeid med næringslivet konsentrert til *funksjon som opplæringskoordinator*. Den same funksjonen vart trekt fram når kommunane valde å oppløyse NGKO og nytte NELL som koordinator for opplæringstiltak i kommunane.

Omgrepet "*brukartilpassa opplæring*" var sentral i det første NELL prosjektet. Det var fokusert på at brukarar som kommunar og verksemdar skulle melde ynskje om opplæring og/eller utdanning til prosjektleiar som deretter innhenta "skreddarsydd" tilbod frå kursarrangør. Initiativtakar hadde ansvar for praktisk arbeid ved å leggje til rette for gjennomføring av tiltaket. NELL sin funksjon var å marknadsføre tilbodet til andre interesserte både gjennom kursdatabasen og elles. I høve til einskildpersonar sine ynskje om opplæring og utdanning var NELL si oppgåve å formidle desse ynskje og behov til aktuelle kursarrangørar i regionen. Ved oppstart av prosjektet hadde prosjektleiar god kunnskap både om målgruppene i regionen og om tilhøva ved biblioteka og kursdatabasen frå funksjon som prosjektleiar for det første NELL prosjektet. Det var og etablert ei samarbeid med "nøkkelpersonar" i kommunar og organisasjonar.

For framdrifta av prosjektet var det ei klar ulempe sjølve skiftet av prosjektleiar etter et halvt års drift, samt det opphaldet som vakansen i stillinga førte med seg i perioden juli til medio oktober 99.

4.2. Delmål A - vidareutvikling av databasen og biblioteka

Kursdatabasen som var utvikla i det første NELL prosjektet vart ført vidare i same form fram til hausten 2000.

Det synes klart at opphaldet hausten 99 utan nokon oppdaterte tilbod gjorde det tungt å "dra aktiviteten i gong att" utpå nyåret 00. Etter skifte av kursdatabase har det ikkje vore mogleg for einskildpersonar å bruke basen for å melde inn kurs- og/eller opplæringsynskje. Dei har retta førespurnader om kurs som gjev realkompetanse, til dømes ynskje om datakort, lefsekurs med meir, spørsmål om opplæring innan vidaregåande skule sine tilbod eller høgskule-/universitetsutdanning direkte til bibliotektilsette, til NELL og til Opplæringskontoret. For vaksne som har spørsmål om utdanningsvegar og innhald i utdanninga er det viktig at dei får høve til å samtale med personar direkte. Dei har ofte trong for utfyllande informasjon og eventuelt den rettleiing som direkte dialog kan gje. Ofte verken vil eller kan dei melde slike spørsmål via ein kursdatabase.

Å ha etablert ein kursdatabase som kan gje oversikt over alle vaksneopplæringstilbod i kommunen/regionen har synes ha interesse og verdi for publikum. Internettadressa til NELL basen har vore lang og vanskeleg å hugse. Det er har vore ei hjelp for publikum å finne lenker til basen på biblioteka og prosjektet sine heimesider. Når prosjektet valde å satse på ny kursdatabase var det grunna den utvikling vi ser om at fleire og fleire kursarrangørar marknadsfører sine tilbod via Internett, samtidig som prosjektet såg klare føremoner i å være knytt til ein landsdekkjande base der ein å sikt hadde von om å få eit domene namn som var lettare å hugse. At basen no er etablert under namnet www.kursoversikt.no er eit stort framsteg.

Kursdatabasen får støtte til drift ut år 2002 og skal saman med ni andre prosjekt som er knytt til Kompetansereforma. evaluerast av VOX. Evalueringsprosjektet har fått namnet "Motivasjon, veiledning og informasjon, MOVI".

Hordaland fylkeskommune har som mål i ny fylkesplan å få etablert same tilbod i alle kommunar i fylket. Det er derfor gode føresetnader for vidare drift og utvikling av tiltaket i regionen i samband med den vidareføring av delar av prosjektet som no er innvilga.

Ved biblioteka i regionen har tiltaka som vart etablert i perioden 97 til sommaren 99 stort sett halde fram tross vakanse i prosjektleiarstillinga. Dette har nok samband med det samarbeid som er innarbeidd i biblioteksjefgruppa. Gjennom ulike tiltak som innkjøp av støttelitteratur til ulike utdaningar, nøkkelordning, tilbod om dataopplæring, samt ulike arrangement har biblioteka marknadsført seg godt ovanfor målgruppa *vaksne under opplæring/utdanning*. Den store utfordringa for biblioteka vidare er mellom anna knytt til spørsmål om innsikt hjå politikarar og administrasjon i eigen kommune om kva ressurs biblioteka kan være i samband med omgrepet "livslang læring" og auka ressursar. Som nemnd arrangerte prosjektet ein tema dag for politikarar og administrasjon med dette temaet, jamfør punkt 3.2.3. I etterkant ser vi at dei kommunar som var godt representert på møtet har tatt fatt på utfordringar som er både i høve til lokalar og utstyr. At to av biblioteksjefane deltar på vidareutdanningstilbodet "PIVS" ved Høgskulen i Bergen kan være med på å sikre oppfølging og vidare utvikling av etablerte tilbod til vaksne i desse kommunane og Nordhordland elles ved at biblioteksjefane gjennom sitt etablerte samarbeid inspirerer og motiverer kvarandre .

4.3. Delmål B - samarbeid mellom kursarrangørar

I perioden 97-98 var det prøvd å få eit tettare samarbeid mellom kursarrangørane i regionen utan at dette vart nokon suksess. I siste perioden har prosjektleiar stort sett hatt kontakt med dei fire største arrangørane, dei tre vidaregåande skulane og Folkeuniversitet. Hausten 99 og store delar av 00 har det ikkje vore aktivitet hjå AOF grunna sjukefråvær.

Dei vidaregåande skulane samarbeidar ein del om kompetansegevande vaksneopplæringstilbod, men heller ikkje i denne perioden har kursarrangørane formalisert nærare samarbeid om tilbod. I samband med Kompetansereforma har Hordaland fylkeskommune etablert 10 sentre for dokumentasjon av vaksne sin realkompetanse i høve til utdanning innan vidaregåande skule sine rammer. I vår region har Nordhordland vidaregåande skule denne funksjonen. Etter planen skulle tilbodet være i drift frå hausten 00, men grunna vanskar med datamaskiner og forseinka opplæring av instruktørar er tilbodet ikkje kome i drift før no. I februar kom og nye forskrifter til Opplæringslova, endringar som opnar for at fylkeskommunen kan nytte både studieforbund og vidaregåande skule for å gje vaksne det individuelle tilbodet dei etter lova har rett på .

Dette tilseier at kursarrangørane i regionen bør samarbeide meir om tilbod. Kontakten er etablert gjennom NELL, og det er no opp til arrangørane sjølv å invitere til nærare samarbeid.

4.4. Delmål C - samarbeid om kommunal opplæring

Opplæring og utdanning for kommunalt tilsette famnar om kortare kurs der målet er å auke deltakarane sin realkompetanse, samt kompetansegejevande opplæring på vidaregåande skule sitt nivå, høgskule eller universitetsnivå. Samarbeidsmodellen som er utprøvd synes mest tenleg for opplæringstilbod som gjev realkompetanse, HMS-kurs, datakurs, servicekurs og liknande. Modellen kan nyttast vidare av kommunane, men det føreset at initiativtakar sjølv gjer det arbeidet NELL gjorde. For dei fleste vil dette føre til meirarbeid, og ut frå den avgrensa interessa kommunane viste for å nytt tilbodet i prosjektperioden, synes det usikkert kor mykje dei vil samarbeide om denne type kurs i tida framover. At dei opplæringsansvarlege no prøver etablere sitt eige nettverk der dei drøftar personal- og opplæringsspørsmål er positivt. Kanskje kan dette føre til at dei vert lagt sterkare føring frå politikarar og administrasjon om interkommunalt samarbeid innan dette feltet.

Som nemnd tidlegare er det etablert ein kurskoordinator som samordnar all opplæring for lærar og leiarar i barnehagane. Til funksjonen er avsett ein stillingsressurs på 70 %. Tilsette innan pleie- og omsorg er den andre store arbeidstakargruppa i kommunane. Pleie- og omsorgsleiarane har gjennom sitt nettverk teke ansvar for ei rekkje felles opplæringstiltak. Ansvar for samordning av tiltaka går på omgang, og arbeidet vert gjort på toppen av anna arbeid. NELL var involvert i koordineringsoppgåver for eit par korte kurs for denne sektoren heilt i starten av prosjektperioden. Manglande kjennskap til arbeidsfeltet gjorde det naudsynt for prosjektleiar å innhenta mykje informasjon både om aktuelt kursinnhald og aktuelle kursarrangørar for å kunne gjere ein god jobb. Ved kontinuitet i prosjekt leiarstillinga hadde arbeidet kanskje gått lettare etter kvart. Dette kombinert med at pleie- og omsorgsleiarane valde prioritera arbeid med å få samla oversikt over felles opplæringsbehov i regionen kan vere ein grunn for at NELL har hatt lite kontakt med denne sektoren siste året. Det er et tankekors at også Opplæringskontoret gjev uttrykk for bli lite nytta i høve til spørsmål om fagutdanning for tilsette i kommunane. I perioden er det fleire døme på at pleie- og omsorg på eige hand har tatt ansvar for å få arrangert fagopplæring både innan omsorgsfaget og hjelpeleiarfaget utan at Opplæringskontoret og NELL som arbeidde med dei same spørsmåla var kjend med dette.

Skifte både i prosjekt leiarstilling i NELL og skifte av dagleg leiar på Opplæringskontoret kan vere noko av forklaringa til dette. Men det er og grunn til å undre seg om administrasjon og tilsette i kommunane har god nok informasjon om kva tilbod og tenester desse kontora gjev, og i kva grad interkommunalt samarbeid om opplæringsspørsmål vert prioritert hjå dei leiarane og mellomleiarane som har dette som arbeidsoppgåve rundt i kommunane.

Kommunane står no ovanfor nye utfordringar. I samband med vaksne sine nye rettar til grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring har kommune fått i oppdrag å lage samordna planar for vaksenopplæring. Kursregionen for grunnskulen har teke initiativ til at det skal setjast ned ei interkommunal arbeidsgruppe med representantar frå grunnskule, vidaregåande skule, opplæringsansvarlege i kommunane, Opplæringskontoret og kursarrangørar i regionen. Dei ser det som viktig av kommunane samarbeidar om oppgåva, eit samarbeid som kan medvirke til auka innsats for vaksne som ynskjer opplæring og utdanning i regionen.

4.5. Delmål D - kompetanseheving i verksemdar.

Ved deltaking i NHIL sitt pilotprosjekt fekk NELL høve til å prøve ut ein annan funksjon enn koordinator for opplæringstiltak/kurs. NELL sin funksjon var saman med utdanningsutvalet å leggje til rette for arbeid med kartlegging av kompetanse i verksemdene, samt koordinere etterarbeid som kontakt med aktuelle kursarrangørar, søknader om finansiering med meir. Dette har vore ein medverkande grunn til at opplæringstiltaka no vert gjennomført.

NHIL har fått et verktoy som kan nyttast i vidare arbeid og som nemnt i rapporten er det viktig å bruke *tid* på sjølv arbeidsprosessen. At verksemdene arbeidde heime med oppgåver, og at dei i fellesskap drøfta sine synspunkt, gav gode og klargjerande diskusjonar om arbeid med kompetanseheving.

Erfaringane kan oppsummerast slik:

- ◆ Ved bruk av enkelt verktøy klarte små og mellomstore verksemder å kome fram til kva områder dei ville prioritere for opplæring hjå dei tilsette.
- ◆ Ved at fleire verksemder går saman er det mogleg å få brukartilpassa opplæringstilbod lokalt, og til lågare kostnader enn om ei verksemd deltek aleine.
- ◆ Gjennom samarbeid fekk verksemder som elles ikkje har regelmessig kontakt nyttig kunnskap om kvarandre, erfaringar som kunne være aktuelle å nytte ved seinare høve.

Arbeid med kompetanseheving i næringslivet er eit viktig tema regionen. Fire kommunar har fått tildelt kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift, og som nemnt skal ein del av desse midlane nyttast til kompetanseheving i verksemder. Det er ei utfordring at flest mogleg verksemder kan dra nytte av midlane, og ikkje minst gjeld dette for mindre verksemder som i ein travel kvardag kan ha vanskar med å sette av tid til dette arbeidet.

5. Vidare oppfølging

NELL -prosjektet i Nordhordland har fått ressursar til drift fram til 01.07.02. Hovudmålet er å leggje til rette for arbeid med kompetansekartlegging i små og mellomstore verksemder, og gjennom ulike aktivitetar gjere dei i stand til sjølv å definere og leggje premissar for seinare opplæringstilbod. NELL vil framleis ha rolla som bindeledd mellom kursarrangørar i regionen og dei som etterspør. Vidare skal NELL informere om Nordhordland vidaregåande skule sitt tilbod om realkompetanse, samt vise til biblioteka sine tilbod til vaksne utdanningssøkjande.

I løpet av prosjektperioden har NELL ansvar for vidare drift av kursdatabasen i regionen, og NELL skal i gjennomføre opplæringstiltak overfor dei største kursarrangørar i bruk av nettstaden og kursdatabasen.